

Årsmelding for Fjærland sokneråd 2019

I 2019 har soknerådet vore samansett slik:

Berit Orheim , leiar
Nils Skeide, nestleiar
Hilde Supphellen, kasserar
Marita Kvitberg, skrivar
Hans Haugen,
Marianne Supphellen, plakatansvarleg
Gerd Turid Juklestad, 1. Vara
Siv Jane Rauboti, 2. Vara
Sverre Tufte Mundal, 3 vara
Andre Øygard, 4. vara
Klara Heimlid Bøyum, 5.vara
Kjell Olav Høstaker Nordheim sokneprest. fram til 4. august, då Mikael Bruun tok over.

Medlemer til underutval og anna:

Fellesrådet: Hilde Supphellen, vara Hans Haugen
Redaksjonsnemnd Kyrkjelydsbladet: Alvhild Fodnes
Trusopplæringsutvalet: Berit Orheim, vara Sølvi Mundal
Diakoniutvalet: Berit Orheim, vara Marit Mundal
Sundagsskulekontakt: Vivian Fodnes
Bibelkontakt: Nils Skeide

Soknerådet har hatt 8 møte, og har behandla 41 saker. I tillegg har det vore eitt felles møte med alle sokneråda, og 2 kurs i samband med kyrkjevalet.

Soknerådet skal ha merksemda si retta mot alt som kan fremje og nære det kristelige livet i soknet, slik det står i Kyrkjelova, §9. Dette skjer framfor alt i gudstenesta, men kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk er andre sentrale område.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det har vore i alt 15 gudstenester. 3 av desse var familiegudstenester, 8 nattverdsgudstenester, og 1 temagudsteneste, (Diakoniens dag).

I juli la vi opp til utegudsteneste i området bak Bremuseet. Dette var også siste gudsteneste i Fjærland før sokneprest Kjell Olav Norheim gjekk over i anna stilling. Bremuseet stilte velvillig Feltstasjonen sin til disposisjon i tilfelle dårleg ver, noko det også blei. Stor takk til museet, som også sytte for vaflar og kaffi, og vi fekk ei fin stund i eit fullsett lokale.

Til saman 832 personar har delteke i gudstenestene, 32 fleire enn i fjor. 3 barn er døypte, og vi hadde 6 konfirmantar. Det var 6 gravferder og 2 vigslar.

Diakoni

Diakoni er eit viktig område for soknerådet. Diakoniplanen vart revidert i 2018, og syner kva tiltak vi har på området. Av desse tiltaka kan nemnast:

Andaktane

der vi har hatt 10 andakter på Busenteret. Oppmøtet er godt, mellom 10 og 18 kvar gong og Målfrid Lidal har gjort eit viktig arbeid med å laga til felles måltid, slik at dette også er fine sosiale samvær.

Kaféen har samla ca 20 personar på Stova ein gong i månaden til matøkt, enkel underhaldning, litt song og bingo. Også i 2019 hadde vi avslutningstur før sommaren med middag på Brevasshytta. Bjørg Lidal Skeide, Marit Mundal, og Berit Orheim har ansvaret for kafeen. Og ikkje minst har Reidun Sørensen sytt for kringle til kvar gong!

På Haustfesten for dei over 70 år deltok i år 24 personar i Bedehuset. Barnekoret song til innleiing, og ny prost Geir Paulsen held eit engasjerande og underhaldande kåseri. Både haustfest og sommartur er gjennomført med støtte frå Leigh's legat med til saman 10.000,-kr, noko vi er svært takksame for.

Besøksteneste

Vi har ikkje organisert besøksteneste utanom det diakonen har på sin plan. I årsstatistikken for soknet er det registrert 38 besøk. Dette talet er truleg høgare då mykje skjer uformelt og derfor ikkje blir telt.

Ikkje alle ønskjer å melde at dei ønskjer faste besøk. Soknerådet tek gjerne imot innspel til korleis vi eventuelt kan organisere besøkstenesta hos oss, slik at vi når fram til alle dei som ønskjer besøk.

Offergåver

Det er samla inn totalt 36.774,85. Kr 19.545,35 av dette går til kyrkjelyden sitt eige arbeid. Resten fordeler seg på offer til Bibelselskapet, IKO, Sjømannskyrkja, NMS, Kirkens Nødhjelp, Det norske misjonsselskap og Stefanusalliansen.

Konsertar og andre arrangement

Vi har hatt 2 konsertar: Julekonsert med lokale krefter, samt førjulskonsert med Jølster musikklag, både godt besøkte. I tillegg hadde vi arrangement under Boknatt der dåverande prost Kjetil Netland held eit interessant føredrag om kyrkja i middelalderen med utgangspunkt i 450-årsjubileet for Misje Nidarosiense., (del av Bokåret 2019). I april hadde vi gjesting av Sogn og Fjordane teater med førestillinga Maria Magdalena, Jesu liv og virke.

Opa kyrkje i sommarhalvåret

Vi ønskjer at turistar og andre kan vitje kyrkja for ei stille stund, eller berre for å sjå. I perioden mai til september har tilsette i Bokbyen teke på seg å opne og låse. Vi har ikkje presise tal for besøkande, men truleg rundt 150 personar.

Dugnaden på kyrkjegard og i kyrkja

samla om lag 28 personar. Mykje godt arbeid blei gjort både inne og ute. Mellom anna vart flaggstanga måla, og grusgangane reinska for ugras. Som vanleg slutta vi av med felles kveldsmat.

Nils Skeide har gode kontaktar og skaffa fleire reolar slik at vi har fått betre lagringsplass i det eine sakristiet.

Trusopplæring

Kyrkjelydsspedagog Monica Ugulsvik har hatt hovudansvaret for trusopplæringa i Stedje, Norum, Kaupanger, Leikanger og Fjærland. Ho gjekk ut i permisjon på vårparten 2019, og Birte Husum har teke over for henne. Vi såg då stor nytte av den grundige revisjonen av som skjedde i 2018. Planen er felles og vedteke for alle sokna, med dei lokale tilpassingane som trengs.

Viktige tiltak for Fjærland er:

Utdeling av 4-6- årsbøker, og biblar til 11-åringane

Utdeling av slike bøker er ein viktig del av kyrkja si trusopplæring. Det er god oppslutnad når desse bøkene blir delte ut i familiegudstenestene.

Eige materiell blir også delt ut til alle som vert døypte.

Konfirmantarbeid

Oppslutnaden om konfirmasjon er gledeleg høg hos oss. Konfirmantane får opplæring i lag med kyrkjelydane i Stedje, Leikanger, Kaupanger og Norum. Vi ønskjer at dei også skal kjenne seg heime i kyrkja her, og har vore med i gudstenestene som medliturgar eller med praktiske oppgåver, samt at dei hjelper til både på Barnemisjonen, misjonsbasaren og går med bøsser under den årlege Fasteaksjonen.

Barnemisjonen

Barnemisjonen, leia av Brita Frekaland, Vivian Fodnes og Mette Bøyum, samlar mellom 10 - 20 ungar i perioden november til påske. Då har dei opplesing, song og forskjellig handarbeid, og har også sytt for vinstar til misjonsbasaren. Inntekta går til eit skuleprosjekt som dei støttar.

Barnemisjonen har også dekorert nett der vi har bøker og litt teiknesaker som borna kan bruke i gudstenesta.

Brita og Mette har no sagt frå seg dette arbeidet, og fortener stor takk for det store arbeidet dei har lagt ned for barnemisjonen.

Barnekoret

blir ikkje drive i regi av kyrkja, men nemnast då koret har gledd oss fleire gonger, både i kyrkja og på bedehuset.

Anna

På oppmoding frå biskopen har alle kyrkjelydane i fellesområdet sett i gang arbeid med å styrke frivillig-arbeidet. Inger Pedersen, Sogndal, har leia dette arbeidet. Vi er no i gang med å sette opp "arbeidslag" for mellom anna kyrkjekaffi, servering på andaktene, medliturgar m m. og lage rutinar for desse.

Det er 48 personar som på ulike måtar har gjort ein frivillig arbeid for kyrkja. Det er flott i ein so liten kyrkjelyd! Den frivillige innsatsen er heilt nødvendig for at vi kan halde oppe ulike aktivitetar og ta vare på kyrkje og kyrkjegard. Samtidig bidreg frivillig arbeid til samhold og engasjement og opplevinga av å høyre til i eit fellesskap, noko som er verdifullt i seg sjølv.

Førebuing av kyrkjevalet 9. september kravde ein del arbeid. Oppslutnaden om valet var på 52%, litt lågare enn ved førre val, men framleis svært høgt, sett i høve til landssnittet.

Planar for 2020

Soknerådet ønskjer å halda fram med dei ulike tilboda vi har i dag, som t d barnemisjon, kafé og andaktar, og sjølvsagt gudstenestene. Oppfølginga av "Handlingsplan for å rekruttere, lære opp og ta vare på frivillige medarbeidarar" held fram.

Diakoni- og trusopplæringsplanane bør reviderast, og saman med kantor Hallgeir kan vi kanskje sjå på om det er ønskjeleg med ein eigen kyrkjemusikalsk plan.

Så er det ein del praktiske saker å jobbe med. På årsmøtet i fjor kom det fram ønskje om betre køyreveg for t d rullestol eller rullator fram mot kyrkjedøra. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med utviding av vegen inn mot bårehus og kyrkjedøra. Det er spurt om økonomisk støtte frå fellesrådet, men truleg må vi dekkje utgiftene sjølv, eller gjennom dugnad.

Vi må også sjå på om flomlysanlegget bør skiftast ut med eit meir energiøkonomisk anlegg. Ny llynavleiar ligg inne i økonomiplanen til fellesrådet.

Fjærland 01.03.20

Berit Orheim

Kasserar var forhindra frå å møte, slik at Siv Jane Rauboti la fram rekneskapen.
Årsmelding og rekneskap godkjent.